

## Midtre Haram Storvald

Årsmelding 2017 - 13.driftsår

Tredje år i tredje driftsplanperioden i storvaldet hatt styret hatt denne samansetjinga:

Anders E. Leine	Leiar
Arne Skaar	Nestleiar
Øystein Austnes	Kasserar
Even Otterlei	Sekretær
Caroline Valde	Styremedlem

I år har det vore halde 4 styremøter, eit jegermøte og årsmøtet. Styremøtene var forberedande møter til årsmøte og jegermøtet, to i samband med restskatt melding frå skatteetaten.

Leiar har også deltatt på styremøte i jaktfelt der det har vore ueinighet. Viltnemnda vart spurt om ei nøytral meining, men vi fekk ikkje noko konkret svar i den saka. Utmelding av areal har vore tema, noko som vil påføre litt ekstra arbeid for styret. Med to år igjen av driftsplanperioden er det kanskje greitt å vente litt med dette sidan det berre vil utgjere eit løyve på dei resterande to åra.

Vi starta våren med vårteljing, som vanlig var datoane 15.april og 1.mai. Det vart ikkje observert noko særlig nedgang frå teljingane dei siste åra, men dyra hadde spreidd seg utover på en litt annan måte. Teljingane blir utførte av medlemmer frå styret og frivillige jegerar i nærområdet.

Samarbeidet med dei enkelte jaktfelte er godt. Rapporteringa skotne dyr og slaktevekt har kome inn i tide, med eit unntak. Sett hjort registrering har gått mykje betre enn dei siste åra, kun tre påminningar blei sendt ut. Skal ein jakte og forvalte hjortevilt skal en forhalde seg til dette.

Veret under jakta i 2017 har vore todelt. Frå jaktstart til 1.november var det veldig fint og gode forhold. Gjennom november har det vore svært ruskete ver med mykje vind og nedbør. I desember hadde vi ver av begge typar. Det har vore skote mykje dyr i fullmåneperiodane i 2017. Frå jaktfelta blir det rapportert inn at det er normalår med tanke på antall hjorteobservasjonar.

I 2017 vart det felt 81 hjortar og 9 rådyr i heile Midtre Haram Storvald. Dette er 6 færre enn 2016 sesongen og eit dyr meir enn avskytningmålet. Vi har etter 2017 sesongen eit etterslep på 3 hjort frå dei første åra i denne driftsplanperioden er det heilt greitt å skyte eit meir dyr enn avskytningmålet. Vi må kanskje være meir rasjonelle med tilleggsdyr enn i 2018 sesongen, tidligare år har alle som bad om tilleggsdyr fått tildelt ekstra løyve, i 2017 stoppet vi utdeling av dyr 04.des for å unngå overskyting. Tre jaktfelt har bedt om tilleggsdyr utan å få dette innvilga. Dersom enkelte områder er spesielt plaga med beiteskader kan man vurdere å ta ut nokre ekstra skaderdyrsløyver, dersom behov. 2017 vart rekordår for rådyrfelling så langt.

Under jakta 2017 hadde vi 5 ettersøk etter påskotne hjortar. Tre dyr vart funnen av ettersøksjeger, dei resterande dyra var det ikkje spor etter og vart dermed «friskmeldt». Talet på ettersøk var høgt i år, men det er positivt at jegerane oppsøker hjelp når problem oppstår, uansett utfallet til ettersøket. Ettersøksjegerar var i år Even Otterlei og Tor Johan Hatlehol.

I år som i fjor er det rapportert om mistanke om tjuvjakt. Politiet vart kontakta av jaktfelleiar, men dei kunne ikkje hjelpe mykje utan meir konkrete spor. Melding blei sendt ut til alle jaktfelleiarar. Veka før blei det rapportert om tjuvjakt på Skodje, her blei skiltnummer frå bilen notert.

Når ein ser på snittvekt er det viktig å tenke på at vi streber etter å luke vekk dei minste og svakaste dyra, dette får sjølvstarkt innverking på snittvektene.

Ein kan sjå at vekt på spissbukk fortsatt er god.

Kalve vekta er stabil frå 2016, men er noko lav.


Fjorskolle vekta er stabil frå 2016, fortsatt mange vrakdyr.

Spissbukk vektene er i nedre skiktet av det vi har sett sidan vi starta med storvald.

Tabell for snittvekt:

Snittvekt	Kalv	FK	SB	EK	EB
2005	25,8	46,2	48,6	53,1	77,4
2006	25,6	41,9	45,8	53,8	65,4
2007	24,4	43,3	45,8	54,1	72,5
2008	24,3	41	46,3	53,2	83,2
2009	24	40,7	48,9	54,8	83,9
2010	23,3	40,9	46	54,9	70,5
2011	23,8	39,5	43,2	52,7	69,9
2012	26,2	41,8	45,1	56,5	78
2013	25,1	40,6	47	52,7	79
2014	23,7	45,2	46,1	54,2	86,5
2015	26,9	44,1	49,4	55,6	78,5
2016	23,3	40,8	48,6	55,6	91,6
2017	23,8	40,8	45,5	54	84

Årlig utvikling av vekt:



Som vi kan sjå i tabellen nedanfor skyt vi forholdsvis jevnt av dei ulike kjønn og aldersgrupper igjennom dei siste driftsperiodane. Det er skote mange eldre koller utan at det er felt kalv i delar av storvaldet, dette får vi i styret reaksjonar på. Ein del av målsetjinga er å spare store, gode avlsdyr, og legge uttaket på ungdyr.

Antall	Hokalv	Hannkalv	FK	SB	EK	EB
2017	7	14	13	12	21	14
2016	9	10	16	14	21	17
2015	7	14	10	12	15	11
2014	10	9	10	15	19	16
2013	11	10	11	25	21	14
2012	15	8	10	11	25	11
2011	13	13	6	12	22	12
2010	13	8	17	16	24	6
2009	11	11	12	10	24	15
2008	8	11	11	11	20	14
2007	10	14	6	9	18	18
2006	15	15	12	7	19	6
2005	9	9	6	13	13	10

Avskyting i forhold til satte mål i driftsplan:

2017	Kalv %	Kvige%	Kolle %	Bukk %
Skote	26	16	26	32
Målsetjing	30	15	20	35

Samla kjøttutbytte av hjortejakta er 3840kg, som med ein kg-pris på 75kr tilsvarer kr. 339450.

Totalt i 13års perioden er det skote 1017dyr.

Dyr nr.1000 var ein eldre bukk på 58kg felt på jf.35 Fagerli av Frank Fylling.

Det er tatt ut ein kalv/ ungdyrprosent på 57, som er i nedre sjiktet av trenden dei siste 12åra, men forholdsvis likt 2016 sesongen.

Største bukken vog 110 kg, minste kalven vog 14 kg.

To spissbukkar og fire fjorskoller har vorte klassa ned til kalv i år, men heile fire spissbukkar og fem fjorskoller har vore under grensa for nedklassing. Ein kalv har blitt ført på storvaldet si skrapdyrkvote, men tre kalvar har vore under vektgrensa på 20kg. Ein kan spørje seg om skrapdyrgrensa er noko høg, samtidig er det bra å belønne uttak av små dyr.

Under jakta har styret kontrollert 14 felte dyr utan merknad. Eit jaktfelt har felt dyr som de ikkje hadde tilgjengelig, reaksjon i samsvar med vedtekter.

Storvaldet er registrert i Brønnøysundsregisteret med organisasjonsnummer 916 463 944. Vi har hatt litt startvanskar med sjølvmelding og melding av forskotsskatt. Dette har blant anna medført varsel om dagbøter (500kr/dag) som vi unngikk med eit nødskrik midt i sommerferien og fleire inkassovarsel frå kemnerkontoret for innkrevjing av skatt og neste års forskotsskatt. Det er godt mulig at vi er litt overorganiserte når vi er innmeldt som Samvirkeføretak, men det var ikkje godt å vite da vi fekk det foreslått av Brønnøysundsregisteret. Etter at vi i desember søkte skatteetaten om fritak for skatteplikt, og fekk dette innvilga, har dette gått i orden litt etter hvert.

Den neste saka blei forskotsskatt, her må skjema RF-1097 sendast inn frå altinn.no for å unngå dette. Neste års styre må sjekke om dette er årlig aktivitet.

Det har vore en stor kabal å få alt dette til å få opp. Kommunikasjon med Brønnøysundregisteret, Kemner kontoret og Skatteetaten har vært veldig tidkrevjande. Behandlingstid i Skatt Midtnorge på 2mnd tross i korte tidsfristar på innbetalingar (oftast 14 dagar). Vi kan vere glade for at Kemnerkontoret har forståelse av at ting tar tid.

Vi er **endelig** der at vi trur og håper at alt er i skjønnaste orden.

Storvaldet har heimeside ”www.mihas.no” som har blitt oppdatert nesten daglig gjennom heile jaktperioden. Mange er flinke å sende inn bidrag i form av bilde. Dei gangane det kjem ei historie ilag med bildet er det ekstra hyggelig.

Vi får gode tilbakemeldingar på nettsida, også frå personar som ikkje jaktar eller er grunneigar i storvaldet.

Ein må sjå på kostnadsnivået på dette i løpet av 2018.

2018 blir fjerde år i tredje driftsplanperiden.

For styret i Midtre Haram Storvald  
Anders Engeseth Leine, leiar